

# Sak til samarbeidsutvalet

---

Går til:	Medlemene av utvala
Utval:	Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato:	19.februar 2020
Sakshandsamar:	Øyvind Østerås/samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Revisjon av tenesteavtale 11 og 12
Saksnummer:	05/20

---

## Bakgrunn for saka:

- [Tenesteavtale 11 og 12](#) trådde i kraft 01.07.2012, og handlar om samarbeid om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda.
- [Akuttmedisinforskrifta](#) (FOR-2015-03-20-231) med krav og tilrådingar for det framtidige akuttmedisinske tilbodet.
- Endra kommunestruktur frå 01.01.2020.
- Helse Bergen har meldt inn behov for å starte opp revisjon av tenesteavtale 11 og 12 i 2020, samt vurdere behovet for særavtalar med enkelte kommunar.
- Revisjon av Tenesteavtale 11 og 12 er inkludert som eit av tiltaka i Handlingsplan 2020.

I september 2018 var [Prehospital plan](#) vedtatt av styret i Helse Bergen. Planen er utvikla i samarbeid med kommunane og beskriv føretakets retning for prehospital akuttmedisin fram til 2035.

## Vurdering:

Dei fire samarbeidsutvala vedtok i desember 2019 at tenesteavtale (TA) 11 og 12 skal reviderast i 2020. Helse Bergen, ved Akuttmedisinsk avdeling tar no initiativ til å starte arbeidet med revisjon slik at avtalane vert tilpassa krav og tilrådingar i Akuttmedisinforskrifta. «Nasjonal veileder for akutthjelpere» som har vore på høyring, og er venta slutført i februar 2020 kan vere til hjelp for arbeidsgruppa i revisjonsarbeidet.

Ulik organisering av akuttmedisinske tenester både i kommunane og i Helse Bergen sine ulike delar av føretaksområdet vil kunne bety at det er eit behov for særavtalar med den einskilde kommune. Utarbeiding av slike særavtalar startar etter at TA 11 og 12 er vedteken og signert av partane.

## Vidare prosess:

Samarbeidssekretariatet tilrår at det vert nedsett ei arbeidsgruppe samansett av:

- fire representantar kommunane; ein frå kvart utvalsområde.
- ein representant frå Haraldsplass Diakonale sykehus
- ein representant frå Voss sjukehus
- ein representant frå Brukarutvalet i Helse Bergen
- to representantar frå Helse Bergen
- representasjon frå Samarbeidssekretariatet

## Mandat:

Gruppa skal utarbeida forslag til revidert Tenesteavtale 11 og 12 for kommunar og sjukehus i føretaksområdet. Arbeidsgruppa er ansvarleg for framdrift og utarbeiding av avtaleutkastet. Avtaleutkast skal vere klart til handsaming i Samarbeidsutvalet innan 01.09.2020.

Den einskilde representant har sjølv ansvar for å forankre oppgåve, arbeidsprosess og løysing hos dei han/ho representerer.

Gruppa konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar.

Om det er behov, kan gruppa knytte til seg juridisk eller anna kompetanse som rådgjevar for gruppa sitt arbeid.

Etter at tenesteavtale 11 og 12 er vedteke og signert, kan arbeidet med særavtalar starta.  
Det vert tilrådd at arbeidet med lokale særavtalar vert utforma i samarbeid med dei lokale UFAB  
(Underutval for akuttmedisinsk beredskap), og at avtalepartane vil vere den enkelte kommune, Helse  
Bergen og eventuelt Haraldsplass Diakonale sykehus.

**Forslag til vedtak:**

Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar forslag til prosess og melder namn på aktuelle kandidatar  
til Samarbeidssekretariatet innan 6. mars 2020